

Kontakt med oss kan du få gjennom:

- barnehage og skule
- helsestasjon
- barnevernstenesta
- PPT

Vi kan òg kontaktast direkte og er å treffa på:

PPT-Sogndalsregionen, tlf. 57657080,

anne.beathe.fardal@sfj.no

Sogndal helsestasjon, tlf. 57629720,

cindy.litlabo@sogndal.kommune.no

Sogndal BUP, tlf. 57627500, gerd.karin.torstad@helse-forde.no

For meir informasjon:

www.deutroligearene.no

Aktuell litteratur:

Carolyn Webster-Stratton: De utrolige årene – en foreldreveileder,

Gyldendal Forlag AS 2007

“DUÅ – dei utrullege åra”

Eit gruppetilbod for foreldre til born i alderen 3 – 8 år



Helse Førde



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Sogndal BUP

PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK
TENESTEKONTOR – SOGNDALSREGION

Sogndal helsestasjon



Born som kan ha nytte av tilbudet

Nokon born har meir temperament enn andre, er meir utprøvande og kan ha ei åtferd som er krevjande for foreldre og barnehage- skulepersonell. Enkelte er meir ulydige og trassige enn kva som er vanleg for alderen. Dei vaksne rundt desse borna kan oppleve det frustrerande når dei ikkje klarer å møta borna på ein god og hensiktsmessig måte. Kontakten vert ofte prega av negativt samspel, masing og straffereaksjonar. Borna kan oppleve at verda er uforutsigbar og at dei ofte får skulda for det som er gale. Vi veit at 2-5% av alle born er utfordrande born og at desse familiane slit. Det er viktig at familien får hjelp tidleg då det elles kan utvikle seg til alvorlege og omfattande problem.

Tema i foreldreprogrammet DUÅ

Programmet startar med positiv relasjonsbygging mellom foreldre og born ved bruk av leik som øvingsarena. Det ligg i leiken sin natur at barnet skal kunne fantasere, ta initiativ og styre leiken. Når foreldra deltek på barnet sin arena og på barnet sine premissar, får dei høve til å koma i positivt samspel med barnet. Gjennom dette startar ein snuoperasjon frå konflikt til gjensidig positivt tillitsforhold. Andre sentrale tema er oppmuntring/ ros/belønning, klare grenser, ignorering, konsekvensar og problemløysing.

Opplegg for programmet

Tilbudet vert gjeve i gruppe til foreldre eller andre omsorgspersonar for seks born.

Vi brukar videoklipp i forhold til ulike tema, har drøftingar i gruppa, praktiske øvingar og heimeoppgåver
Gruppa går over 12 veker og er samla 2 – 2 ½ time kvar gong.

Tilbudet er gratis og ein har rett på dekning av utgifter som for anna behandling i helseinstitusjon

Målgruppe

DUÅ er eit behandlingsprogram for foreldre med born i alderen 3 – 8 år.

Mål

Måla er å fremme foreldrekompetanse, styrka familien for slik å redusere eller førebyggja problem med uønska åtferd.

Utbytte for born og foreldre

Foreldreprogrammet er utarbeidd i USA av Dr. Carolyn Webster-Stratton. Ho er barnesjuepleiar og psykolog.

Norsk og internasjonal forskning viser at 2/3 av borna får vesentleg reduserte problem etter behandling. Foreldra sine oppdragsmetodar vert meir positive enn før behandling, stressnivået i familiane går ned og forholdet mellom dei vaksne og barnet vert meir positiv.

Gruppestart

Det første kurset i Indre Sogn var vinteren/våren 2008. Det har skjedd i eit samarbeid mellom PPT-Sogndalsregionen, Sogndal helsestasjon og Sogndal BUP.

Vi tek sikte på å starta nytt kurs ein gong i året.

Gruppeleiarar

Anne Beathe Fardal, PPT-Sogndalsregionen
Cindy Litlabø, Sogndal helsestasjon
Gerd Karin Torstad, Sogndal BUP